

Skular og kommunar

Gjeld skuleskyssen frå 2. juni

Folkehelseinstituttet har laga ein trafikklysmoell med grønt, gult og raudt nivå som viser kva smitteverntiltak som skal bli følgt. Tiltaka i dag er i samsvar med raudt nivå, men det er allereie frå 2. juni mogleg til å justere ned til gult nivå (sjå informasjon på udir.no).

Det er førebels ikkje kome noko signal om at smitteverntiltaka som gjeld for kollektivtrafikken, herunder skuleskyssen, blir endra. Med mindre dette er endra i samband med publisering av nye rettleiarar i dag, betyr det at regelen om å nytte om lag 50 % av kapasiteten i transportmidla framleis gjeld (sjå Smittevern i kollektivtransport på fhi.no).

Etter opning av skulane 11. mai har Skyss/Kringom sett inn ekstrapasitet der dette har vore praktisk mogleg å gjennomføre på kort tid, basert på innmeldte behov frå kommunane.

Som tidlegare informert om tar det tid å tilpasse skuleskyssen. Dette heng særleg saman med at Skyss/Kringom ikkje har ledige bussar og sjåførar tilgjengeleg innanfor våre kontrakter som kan løyse kapasitetsbehova som no er mange stader i fylket. Skyss/Kringom har også inngått avtalar om bruk av kommersielle bussar («turbussar»). Kapasiteten vi har blitt tilbydd i desse kontraktene er imidlertid også avgrensa, utover dei bussane som allereie er tatt i bruk.

Skuleskyssen fom 2. juni vil derfor gjennomførast med det same rutetilbodet som er iverksett no.

Skyss/Kringom vil arbeide vidare med å finne løysingar for å auke kapasiteten der det er behov, men det vil kunne ta nokre dagar å iverksette endringar. I dette arbeidet er vi framleis avhengig av et tett samarbeid med skulane, kommunane og transportørane.

Dette inneber at det vil kunne vere bussavgangar der ein ikkje klarar å overhalde dei tilrådde avstandskrava dei neste vekene, i tilfelle der over halvparten av skuleelevane ikkje har andre alternativ enn å reise kollektivt. I slike tilfelle oppfordrar vi skuleelevane til å sitje saman med ein annan frå same klasse der dette er mogleg. Bussoperatørane vil bli informert om at elevar ikkje skal bli køyrt forbi, for å sikre at alle elevar kjem seg til skulen.

For elevar som har innvilga tilrettelagt skyss med drosje vil det også kunne vere turar der ein ikkje klarar å overhalde dei tilrådde avstandskrava. For dei turane der ein må samkøyre fleire enn to elevar (vanlig 5-sete) vil ein prøve, så langt det er mogleg, å samkøyre elevar frå same klassetrinn. Også for maxitaxi/minibuss vil det kunne vere turar som overstig 50 % kapasitet.

For elevar som har endra behov frå og med 2. juni, samanlikna med inneverande veke (til dømes at dei skal på skulen fleire dagar), vil det kunne ta noko tid før drosjetransporten er klar til å starte opp.

Vi ber om forståing for at det vil ta tid å få på plass tilstrekkeleg kapasitet. God dialog og tett samarbeid vil framleis vere avgjerande for at vi får til ein trygg og god skuleskyss for alle!